

Naturvernforbundet i Kvam, v/ Oddvar Soldal, Kyrhagen 32, 5610 Øystese
Epost: osoldal@online.no . Telf 56552793

Noregs Vassdrags- og energidirektorat,
Konsesjons- og tilsynsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Øystese 10. oktober 2007

Fråsegn om planlegging av Tokagjelet kraftverk, Kvam herad i Hordaland

Me viser til tilsendt materiell og orienteringsmøte i samfunnshuset Dalatun 17. september. I epost av 24. sept, frå Jan Sørensen, fekk me utsett frist til 12. oktober.

Naturvernforbundet i Kvam går mot ei utbygging av Tokagjelet og Steinsdalselva. Både på kort og lang sikt arbeider me for å få eit varig vern mot store inngrep i vassdraga og fjord- og fjellandskapet nord for Hardangerfjorden og vest for Fykkesundet.

Me meiner dette området vert best forvalta som til dømes eit landskapsvernområde. I den samanheng er fritt rennande elvar frå høgfjellet til fjorden eit viktig element. Saman med Øystesevassdraget og Fosselva med Steinsdalsfossen, vil Steinsdalselva og spesielt fossane i Tokagjelet vera eit svært rikt og variert naturdokument. Den gamle vegen opp Tokagjelet vert heller ikkje same turistattraksjonen og kulturminnet utan frittrennande foss og elv.

For ei vidare vurdering av landskapet i Tokagjelet ber me dykk lesa side 488 i Naturhistorisk vegbok for Hordaland.

Merknadar til utgreiingsprogrammet

- Me ber difor om at det vert utgreidd kva verdiar ei uregulert elv og fossefall kan ha i form av opplevingar og for til dømes reiselivsnæringa.
- Ut frå merknadane ovafor ber me om at det vert gjort ei grundig vurdering av verknadane på natur- og kulturlandskapet langs elva. Serleg vegetasjonen i og langs elva vil verta påverka av reguleringa. Me meiner det må gjerast eigne granskningar, naturtypekartlegginga i Kvam, jfr. side 16, er ikkje detaljert nok.
- Som det går fram i meldinga har Steinsdalselva høg verdi på grunn av ein truga laksebestand og redusert sjøaurebestand. Sjølv om den delen av elva som vert sterkt regulert ikkje er naturleg lakseførande, må verknaden av bygging av kraftverket på både anadrom fisk og stradeigen aure utgreiast svært grundig. Det må også vurderast kor stor minstevassføring ein må ha for at det regulerte området framleis kan gje gode tilhøve for utsetjing av yngel og rognplanting. Ei slik vassføring har også mykje å seia for fuglar, til dømes fossefall, og andre artar som krev fossar for å leva.
- Svingingane i vass-stand i samband med start og stopp i kraftverket kan få verknad på fisk og botndyr heilt til Movatnet og sjøen. Verknaden må vurderast nøye.

- I utgreiinga side 21 vert det sagt at tiltaket ikkje vil medføra trong for ”ytterligere transportsystem”. Vegen frå Neteland og ut til riksvegen går gjennom mange tun. Sjølv om ein del av massane skal brukast på Neteland, vert det mykje tungtransport. Ein annan transportveg må vurderast.

Med helsing

Oddvar Soldal
Leiar i Naturvernforbundet i Kvam

Kopi til:

Naturvernforbundet i Hordaland, hordaland@naturvern.no
Kvam herad, postmottak@kvam.kommune.no
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga,